

Dykkar ref.	Sakshandsamar: Tove Mette Fyllingen
Vår ref. 2011/1233 - 0 - 27550/2012	Telefon 56 37 51 75
Arkivkode: A10	Dato: 20.11.2012

Melding om vedtak

Utkast til samarbeidsavtale mellom private barnehagar og Lindås kommune

Handsaming i Kommunestyret - 25.10.2012

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 25.10.2012

1. Det er sterkt ynskjeleg å få på plass ein samarbeidsavtale med dei private barnehagane for slik å styrkje ei god utvikling av tilbod og innhald på denne sektoren. Samarbeidsavtalen må vere tufta på kommunen sin barnehageplan.
2. Lindås kommune ynskjer full likebehandling av private og kommunale barnehagar, men dette vert ei budsjettsak for kommunen inntil staten har lagt inn full dekning. På same måte er dette med teljetidspunkt, og endra tilskot gjennom året, noko kommunen treng ha full styring med, og som og må vurderast i budsjettssamanheng. Lindås kommune vil difor ikkje ha dette med økonomiske rammer inn i samarbeidsavtalen.
3. Det er viktig for kommunen å ha god kontroll med samla tal barnehageplassar for å ivareta full barnehagedekning etter lova. Kommunestyret godkjenner den enkelte barnehage ut frå tidlegare godkjenningar, og dei endringar som er fastsette i kommunedelplan for barnehage.
4. Ein ferdig forhandla avtale må også innehalda rutinar/retningslinjer etter avtale forslaget pkt. 3.3.

